



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	21.03.2024
Møtetid:	18:00 - -22:50
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer	medlem	H	
Myklebusthaug			
Oskar Nordgard	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Renee Hansen	medlem	SAM	
Semmingsen			
Ingeborg Lohne	medlem	SAM	
Hordvik			
Bjørn Inge Håland	medlem	SP	
Dyrkolbotn			

Gro Kaland	medlem	SP
------------	--------	----

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Reidar Øksnes	MEDL	SP
Frank Erik Øksnes	MEDL	INP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Jan Olav Øksnes	Frank Erik Øksnes	INP	
Bjarte Næss	Reidar Øksnes	SP	Lise Renate Helle var vara i sak 26/2024: Garanti KLP kjøp av bustader. (Næss er styremedlem i AKE som har søkt om denne lånegarantien)

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef

Bjarte Rosenlund

kommunalsjef

Trine Merete Jansen

kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 16/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 21. mars	
PS 17/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 15. februar 2024	
PS 18/2024	Referatsaker til kommunestyremøtet 21. mars	
OS 2/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 21.3.2024	
PS 19/2024	Revisjon av heilskapleg risiko- og sårbaranalyse	
PS 20/2024	Oppfølging av verbalpunkt - Arbeidssenter med meir	
PS 21/2024	Temaplan oppvekst 2024-2028	
PS 22/2024	Nye SFO- satser	
PS 23/2024	Nyval av medlemmer til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2024 - 2027	
PS 24/2024	Tal medlemmer i Eldrerådet - mogleg utviding	
PS 25/2024	Val av representant og vararepresentant til representantskapet i Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS 2023-2027.	
RS 5/2024	Årsrekneskap Austrheim kommune 2023 - per 22.02.2024	
RS 6/2024	Rapport frå Mulighetsstudie - Nytt Helse- og Omsorgstun i Austrheim	
RS 7/2024	Busstilbod i kommunen - innspel frå elevar på Årås skule	
RS 8/2024	Årsmelding for Nordhordland Røde Kors	
RS 9/2024	Informasjon frå LO Kommune om lønnsoppgjøret i KS-området	
RS 10/2024	Innkalling til møte i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd 21.03.2024	

RS 11/2024	Protokoll Austrheim kontrollutval 21.02.24
RS 12/2024	Protokoll 1-2024 Regionrådet Nordhordland Helsehus - 9. februar 2024
RS 13/2024	IUA Bergen region KO- Protokoll frå styremøte 6.mars. 2024
RS 14/2024	Ferdig utkast retningslinjer SMIL 2024-2028
RS 15/2024	Møteprotokoll Ungdomsrådet 9. januar 2024
RS 16/2024	Møteprotokoll Eldrerådet 6. februar 2024
RS 17/2024	Møteprotokoll Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 7. februar 2024
RS 18/2024	Møteprotokoll Levekårsutvalet 22. februar 2024
PS 26/2024	Garanti KLP kjøp av bustader

PS 16/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 21. mars

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 16/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 21. mars:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 16/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 21. mars:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 17/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 15. februar 2024

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 17/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 15. februar 2024:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 17/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 15. februar 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret 15. februar 2024 vert godkjent.

PS 18/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 21. mars

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 18/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 21. mars:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 18/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 21. mars:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert teke til vitande.

OS 2/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 21.3.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 2/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 21.3.2024:

Moglegheitsstudie for eit nytt helse- og omsorgstun

- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at målet er å gjera prinsippvedtak om moglegheitsstudie for eit nytt helse- og omsorgstun i møtet i kommunestyret i juni 2024. Saka skal først opp i levekårsutvalet, i deira møte 30. mai.
- Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om prosessen som er gjennomført så langt.
- Ivar Håkonsen, PWC, presenterte rapporten som er laga, den låg ved innkallinga til møtet. (Moglegheitsstudie for eit nytt helse- og omsorgstun)

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om investeringsprosjekt

- ROP-bustadene er i rute, ferdig isolert og skal starta med arbeidet innandørs.
- Innan VA er prosjekteringa i gang på leidning Solen-Førland, til dette prosjektet har kommunen fått ein million av fylkeskommunen til gangfelt langs vegen der leidningen skal leggst.
- Kloakkpumpestasjon Åråsvågen, jobbar med ny avtale Kystlandsbyen, stasjonen skal vera på plass i 2024.
- Pumpeleidning Fonnes Sør til Fonnes Nord, er i gang med prosjektering, håpar på start før sommaren.
- Næringstomt Mongstad, jobbar med å få tak i stein til å fylla ut nordre delen av dette arealet. For søre delen er det avtale om sal, arbeidet med planering der er litt forsinka pga. omlegging av VA-røyr.
- Veglys Hopland, har fått kontakt med BKK, jobbar med å få til ein avtale der. Her kommenterte Per Lerøy (Ap) at det må leggst straum til nye veglys før det vert asfaltert i 2024, får ikkje grava dei første tre åra etter asfaltering.
- Garderobe Kaland barnehage, har hatt møte med styrar, prosjektering er i gang.
- Symjebasseng Kaland, kjem meir info når det er noko å melda.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om

- Verbalpunkt frå budsjettet for 2024, her kjem det saker etter kvart som dei er klare, for arbeidssenteret er det sak i dette møtet. For omsorgsbustader med livsløpsstandard kjem det sak seinare.
- Viste til spørsmål frå Reidar Ulvøy, kva er status på søknad om å riva ei sjøbu og bygga bustader på Utkilen, og naust og flytebrygge. Per Lerøy (Ap) sa her at dette er spørsmål opp mot Statsforvaltar, og at dette er mellom dei fem sakene som er meldt inn til Statsforvaltar. Bjørnar Fjellhaug sa at Statsforvaltar ikkje har komme med noko tilbake, men søkar jobbar med ein revidert søknad for prosjektet på Utkilen.
- Status avvik, brukar avvikssystemet kontinuerleg, det ligg per no 12 avvik til behandling og som skal følgjast opp.
- Omorganisering og organisasjonsstruktur, her har styringsgruppa laga ei innstilling som går til AMU 4. april og ADM 28. mai, og som kjem til orientering i det neste kommunestyremøtet.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om status for arbeidssenteret.

- jobbar med ulike ting etter kva sesong det er
- er i gang med produksjon og sal av ved
- har noko makuleringarbeid
- bossrunde og postrunde
- lagar tennbrikettar igjen, etter at verneutstyr er komme på plass
- Lagar insektshotell, klutar, sitjeunderlag, benkar med meir. Nok på bestilling.
- Drivhus er på plass, er i sving med drift der.
- Er som alltid litt ulike ting som påverkar kvardagen.
- Med driftskoordinator på plass er det no god drift ved Arbeidssenteret.

Ordførar Morten Sognnes (H) sa at det vert jobba med ein avtale med bil for dei som jobbar på Aufera. Aufera ønskjer å ha ein bil til å kjøra ut varer. Kommunen tilbyr seg å skaffa bil, mot at Aufera brukar denne til å kjøra brukarar til og frå Austrheim når det trengs. Avtalen er ikkje heilt klar, reknar med at vert kjem ferdig før påske, og skal seinare leggjast fram for formannskapet. Må få til ei løysing som gjer at denne saka ikkje skal komma opp igjen kvart år.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, orienterte om ungdom og rus i Austrheim, sjå presentasjonen «Orienteringssak i kommunestyret 21. mars 2024 - status rus i ungdomsmiljøet.pptx»

- Reidar Ulvøy (Ap) viste til at dei folkevalde får spørsmål kring unge og rus utifrå dei verva dei har. Kommunalsjef Trine Merete Jansen viste til at det er plikt til å varsle dersom ein har mistanke om at barn ikkje har det bra.
- Hege Ramsland spurt om terskelen er for høg til å ta kontakt med miljørettleiar på skulane.
- Terje Håland viste til at i hans 25 år i skulen har ein aldri vore så aktiv inn mot ungdommane som i dag. Ungdommane er annleis enn før, det er andre utfordringar.
- Bjørnar Fjellhaug sa at det kjem meir om dette emnet i samband med oppvekstmeldinga som kjem seinare i vår.

Rektor ved Austrheim vidaregåande, Frode Hervik, orienterte om ny klassestruktur i Vestland fylkeskommune, og konsekvensar dette vil få for AVS.

- Situasjonen litt tryggare no enn sist, ikkje direkte nedleggingstruga
- Rundt 205 elevar ved skulen per no.
- Presentasjonen ligg ved.
- Ordførar Morten Sognnes (H) viste til at saka var drøfta i Regionrådet, og det er løfta inn til Kompetanseforum Nordhordland, slik at det er fleire som jobbar med dette.
- Varaordførar Per Lerøy (Ap) sa at det ikkje kan akseptrast at tilbodet ved skulen skal reduserast. SSB sine tal tilseier at Austrheim skal ha vekst i folketalet framover. Denne saka har Ap løfta inn til fylkespartiet, og trur at det er motstand ikkje berre i Ap men også i andre parti, mot administrasjonen. Må sjå på resultata, dei små skulane har resultat som er like gode som dei større skulane. Ber om at høyringsuttalen er klar til møtet i kommunestyret 2. mai. Må visa til at det er god statistikk for læreplassar, og at offshore vi trenga maritime fag framover. Bygg og anlegg må ein ha framover, oppgangen vil komma. Kommunen har sjølv bruk for bygningsarbeidarar. Må berre jobba saman framover for å sikra at skulen vert bygd opp og ikkje ned.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det er hån mot distrikts-Norge å bygga ned skulane på denne måten, det er pinleg om det vert vedteke. Når det gjeld skulebygg, må ein sjå på tilstanden på bygningsmassen, særleg korleis garderobane ved AVS ser ut.
- Ingeborg Lohne Hordvik (Samlingslista) oppfordra alle til å senda innspel til skuleplanen, heilt frå mellomtrinnet på barneskulen og oppover.
- Reidar Ulvøy (Ap) sa at det er viktig å framsnakka yrkesfag, for å heva statusen til desse faga. Mastrevik må vera ideelt for ei maritim linje, ligg godt til rette for akkurat dette tilbodet. Ulvøy sa vidare at ein må ta i bruk sol- og vind-huset ved skulen i dei linjene der det kan passa inn.
- Aslak Bakke (H) sa at skulen har vore kreative med dei midlane dei har hatt, og fått til eit tilbod utover det som fylket har lagt til rette for. Oppmoda til å spela på lag med næringsaktørar og andre. Gledeleg å sjå at det er Alver som er den største tilbydaren av elevar til skulen.
- Kristoffer Myklebusthaug (H) sa at det er viktig å løfta yrkesfaga opp og fram. Veldig bra at det kjem maritime fag i Austrheim, ein kommune med 3-4 reiarlag der ein kan få til eit samarbeid, må jobba vidare med dette prosjektet her. Måtte sjølv til Bergen for å ta utdanning innan maritime fag.
- Rektor Frode Hervik lova å jobba vidare, og oppmoda til at det vert sendt høyringsuttalar, innan fristen 16. mai 2024.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, orienterte om den nye opplæringslova. Presentasjonen ligg ved.

Odd Harald Dommersnes orienterte om rekneskapstala, som var sendt ut som referatsak 5/2024.

- Presiserte kor viktig det er å få brukt dei midlane som er sette av til VA.
- Resultatet er 3,7 millionar, mot budsjettet 3,4 millionar.
- Aslak Bakke (H) spurte om ein kan bruka fonda, her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at ein skal sjekka kva av fonda som er bundne opp, og kva som kan nyttast til ulike føremål. Kjem tilbake til formannskapet om bruk av ulike midlar.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 2/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 21.3.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

PS 19/2024 Revisjon av heilskapleg risiko- og sårbaranalyse

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 19/2024 Revisjon av heilskapleg risiko- og sårbaranalyse:

Sakshandsamar Stein Kåre Løvslett orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 19/2024 Revisjon av heilskapleg risiko- og sårbaranalyse:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner overordna heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Austrheim kommune, KommuneROS Austrheim 2024, slik den ligg føre og legg den ut til kunngjering.

PS 20/2024 Oppfølging av verbalpunkt - Arbeidssenter med meir

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 20/2024 Oppfølging av verbalpunkt - Arbeidssenter med meir:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Renee Semmingsen (Samlingslista) etterlyste kva situasjonen er for arbeidsleiar for Arbeidssenteret, ser at det er lyst ut stilling som leiar av Grønt arbeid i 100 prosent, meiner det var sagt at det skulle vera ei delt stilling. Her svara Anne Hildegunn Færøy at organisering og oppgåver også er sett opp mot den heilskaplege organiseringa av administrasjonen.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) etterlyste at det skal stå i vedtaket når dette arbeidet skal vera ferdig, her svara Anne Hildegunn Færøy at kommunestyret gjerne må komma med innspel på ein tidsfrist på dette arbeidet.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 20/2024 Oppfølging av verbalpunkt - Arbeidssenter med meir:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å utgreie moglege alternative lokale til Austrheim arbeidssenter tilpassa brukargruppa sine behov, samt vurdere om arbeidssenteret kan vere samlokalisert med mellom anna BUA, møtestad for frivillige lag og organisasjonar, vev-stove og utstillingslokale for brukarane av Kunsthuset.

PS 21/2024 Temaplan oppvekst 2024-2028

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 21/2024 Temaplan oppvekst 2024-2028:

Temaplan oppvekst, kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 21/2024 Temaplan oppvekst 2024-2028:

Levekårsutvalet 22.02.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet rår kommunestyret til å vedta "Temaplan oppvekst 2024-2028".

PS 22/2024 Nye SFO- satser

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 22/2024 Nye SFO- satser:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Renee Semmingsen (Samlingslista) ba om at lågaste sats må gjelda, alle og ba om at det vert satsen for 3. klasse og oppover.
- Per Lerøy (Ap) viste til at dei folkevalde har bedt om 25 prosent mindre for 4. klasse for å gjera SFO 25 prosent rimelegare for foreldra også for 4. trinn.
- Renee Semmingsen (Samlingslista) ba om at det vert lik sats for 3. klasse og oppover.
- Kommunalsjef Trine Merete Jansen sa at det er ein stor auke i bruken av SFO med lågare kostnad, er no 65 barn på SFO på Årås. Administrasjonen har bedt om denne presiseringa for å få det heilt klart kva prisen er. Må også sjå på SFO-vedtektene no. For bemanning er det mindre føreseieleg om alle skal ha fullt timetilbod men kanskje brukar det mindre. Ønskjer å kutta 25 prosent over heile.
- Per Lerøy (Ap) sa at han støttar dette med å kutta ned 25 prosent over alle trinn. Ønskjer å ha flest mogleg på SFO, skapa deltaking. Det kostar på kommunebudsjettet, men synest me skal ta den kostnaden.
- Terje Håland (Ap) sa at det er viktig å tenka på bemanning og personell når det er fleire brukarar av SFO, det må ein ta med seg når prisen går ned og bruken går opp.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at administrasjonen må komma tilbake til kommunestyret med ei sak som viser dei økonomiske konsekvensane. Det er ikkje berre reduserte inntekter, men også auka utgifter til bemanning.

Kommunedirektøren sitt korrigerte framlegg til vedtak: Reduksjon på 25 prosent på dei ulike satsane for SFO, for trinn 3 og 4. Kjem tilbake til kommunestyret med ei eiga sak knytt til kostnad.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt reviderte framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 22/2024 Nye SFO- satser:

Reduksjon på 25 prosent på dei ulike satsane for SFO, for trinn 3 og 4. Kjem tilbake til kommunestyret med ei eiga sak knytt til kostnad.

PS 23/2024 Nyval av medlemmer til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2024 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 23/2024 Nyval av medlemmer til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2024 - 2027:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, og la fram valutvalet si liste over nye medlemmer i RMNF.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt reviderte framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 23/2024 Nyval av medlemmer til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2024 - 2027:

Medlem	Vara
Anny Bertelsen (NFU)	Elsa Skare (NFU)
Bodil Monslaup (Andre)	Haldis Dynes - LPP
Mette Ekornrød - FFO m/ fl.	Geir Hamre - Andre
Reidar Øksnes (Sp) - Frå KS	Ingeborg Hordvik (SL) - Frå KS
Katrine B. Longva (Ap) - Frå KS	Kari Anne Fadnes (INP) - Frå KS
Idar Hopland - Frå eldrerådet	NN - Frå eldrerådet

PS 24/2024 Tal medlemmer i Eldrerådet - mogleg utviding

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 24/2024 Tal medlemmer i Eldrerådet - mogleg utviding:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt reviderte framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 24/2024 Tal medlemmer i Eldrerådet - mogleg utviding:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Eldrerådet vert utvida med to medlemmer, frå 5 til 7. Desse nye medlemmene skal hentast frå organisasjonane, og endringa skal leggest inn i reglementet.

2. Dei nye medlemmene i Eldrerådet, frå 21. mars og ut valperioden, er:
Medlem: Johanna Kari Kollsete Lerøy. Vara for henne: Jorunn Fimreite

Medlem: Idar Hopland Vara for han: Ottar Sætre

PS 25/2024 Val av representant og vararepresentant til representantskapet i Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS 2023-2027.

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 25/2024 Val av representant og vararepresentant til representantskapet i Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS 2023-2027.:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt reviderte framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 25/2024 Val av representant og vararepresentant til representantskapet i Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS 2023-2027.:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar Morten Sognnes (H) som representant til representantskapet i Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS for perioden 2023-2027, med varaordførar Per Lerøy (Ap) som 1. vara, og Hege Ramsland som 2. vara.

RS 5/2024 Årsrekneskap Austrheim kommune 2023 - per 22.02.2024

RS 6/2024 Rapport frå Mulighetsstudie - Nytt Helse- og Omsorgstun i Austrheim

RS 7/2024 Busstilbod i kommunen - innspel frå elevar på Årås skule

RS 8/2024 Årsmelding for Nordhordland Røde Kors

RS 9/2024 Informasjon frå LO Kommune om lønnsoppgjøret i KS-området

RS 10/2024 Innkalling til møte i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd 21.03.2024

RS 11/2024 Protokoll Austrheim kontrollutval 21.02.24

RS 12/2024 Protokoll 1-2024 Regionrådet Nordhordland Helsehus - 9. februar 2024

RS 13/2024 IUA Bergen region KO- Protokoll frå styremøte 6.mars. 2024

RS 14/2024 Ferdig utkast retningslinjer SMIL 2024-2028

RS 15/2024 Møteprotokoll Ungdomsrådet 9. januar 2024

RS 16/2024 Møteprotokoll Eldrerådet 6. februar 2024

RS 17/2024 Møteprotokoll Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 7. februar 2024

RS 18/2024 Møteprotokoll Levekårsutvalet 22. februar 2024

PS 26/2024 Garanti KLP kjøp av bustader

Handsaming i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 26/2024 Garanti KLP kjøp av bustader:

I denne saka var Lise Renate Helle (Sp) inne som vara for Bjarte Næss (Sp). Næss var ugild som medlem av styret i Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE).

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Samla garanti til selskapet er etter dette 55,4 millionar kroner.
- Vedtaket må godkjennast av Statsforvaltaren

Handsaming i kommunestyret.

Monika Thorpe var ikkje tilstades ved avrøystinga i denne saka, ho var kalal ut på jobb. Kommunestyret var samrøystes (16 representantar) i å vedta kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 21.03.2024 av sak 26/2024 Garanti KLP kjøp av bustader:

Kommunestyret sitt vedtak:

- 1.Austrheim Kommune innvilgar Austrheim kommunale eigedomsselskap AS (AKE) ein sjølvskuldnergaranti på kroner 5 400 000,- som tryggleik for lån.
- 2.Garantien gjeld for lånet sin hovudstol maks kroner 5 400 000,- med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle på løypte renter og omkostningar. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga kr 5 400 000 + 10 %, totalt kr 5 940 000,-.
- 3.Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 38 år.
- 4.Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyrer etter 38 år med tillegg på 2 år, jfr. garantiforskrifta sin paragraf 3.
- 5.Garantien må godkjennast av Statsforvaltaren før den er endeleg, jfr. kommunelova § 14. (Statsforvalteren si godkjenning krevs kun for garantiar som overstig kommunen si beløpsgrense for godkjenning av garantiar).

